

Statnett SF – Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling ved Strandanes i Suldalsvatnet, Suldal kommune – Utlegging til offentleg ettersyn

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF, om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling av ca. 90 000 m³ sprengsteinsmassar, fordelt på 9 000 m² i Suldalsvatnet ved Strandanes, Suldal kommune.

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som dei ynskjer å nytta til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar på sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast ei fylling ved Strandanes.

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. Sedimenta i tiltaksområdet er forureina med bl.a. TBT i tilstandsklasse 5 («svært dårlig»). I eit eventuelt løyve vil det derfor bli stilt krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følge av arbeidet.

Søknaden blir lagt ut til offentleg ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller fmropost@fylkesmannen.no, innan 4 veker frå kunngjeringsstidspunktet.



Adresseliste

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Statnett SF - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling vassdrag ved Strandanes, Suldalsvatnet i Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden etter forureiningslova til utfylling i Suldalsvatnet, Suldal kommune. Frist for uttale er 4 veker.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling ved Strandanes i Suldalsvatnet, Suldal kommune.

Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 43, bnr. 1, 1/2, 8, 17
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	90 000 m ³
Berekna sjøbotnareal som blir dekket:	9 000 m ²
Utfyllingsstid:	Tentativt: september 2015 – november 2016
Planlagt avbøtande tiltak:	Siltgardin, fiberduk, tidsbegrensning

Bakgrunn/Søknad

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som det er ynskjeleg skal nyttast til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar frå sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast eit nytt landareal ved Strandanes. Aust i tiltaksområdet skal det etablerast ein kaifront som skal nyttast av Statnett i anleggsfasen, og som kan disponerast av Statnett og andre i driftsfasen. I følgje søkar så er tiltaksområdet innanfor det geografiske området til anleggskonsesjonen etter energilova.

Det er søkt om å fylle ut ca. 90 000 m³ som vil dekket eit areal på ca. 12 000 m². Av det dekket arealet vil 3 000 m² vera på land og 9 000 m² vera i Suldalsvatnet. I følgje søkar stammar eksisterande utfylling i tiltaksområdet frå 1960-talet. Rett sørvest for dette området ligg det eit steindeponi som vart etablert ved bygging av Ivarsflottunnelen tidleg på 2000-talet. Planlagt oppstart for tiltaket er hausten 2015.

Utfyllinga skal i utgangspunktet føregå frå land, men av sikkerheitsmessige årsaker kan det verta behov for bruk av lekter.

Saksdokumenter, som bl.a. inkluderer kart og vidare utgreiing om tiltaket, finn de på www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar».

Fylkesmannens merknader til tiltaket

Det er utført ei miljøteknisk undersøking i dei to deponia ved Strandanes. Analyseresultatene viser ingen teikn til forureining. Det er derimot påvist forureina botnsediment i delar av utfyllingsområdet. Det blei målt forhøga verdier av tributyltinn (TBT) tilsvarande tilstandsklasse 5 («svært dårlig»), samt tre ulike parametarar av polyaromatiske hydrokarboner (PAH) i tilstandsklasse 3 («moderat»). Midt i tiltaksområdet ligg det ein slipp, og det er mest sannsynleg botnstoff frå båt som er hovudkilda til at sedimentet er forureina med TBT.

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. I eit eventuelt løyve vil det derfor bli stilt krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeidet.

Søkar har foreslått bruk av siltgardin for å hindre partikkelspreiing, samt tildekking med fiberduk i området som er mest forureina (utanfor eksisterande slipp). Det er 0-25 meter djupt i utfyllingsområdet. På grunn av djupneforholda enkelte stader, kan det vera vanskeleg å nytta siltgardin rundt heile tiltaksområdet. Det kan også bli problematisk å nytta siltgardin som er forankra i botn, ettersom trykkbølgjer frå sprengningsarbeid kan øydeleggja siltgardina. For å avgrensa området som er forureina, skal det takast nye prøvar av botnsedimentet i løpet av sumaren 2015. Søkar vil då koma med forslag til kvar fiberduken skal leggjast.

Ettersom det enkelte stader er bratt frå land, må det med jamne mellomrom sprengast i dei deponerte massane. Det er også, med omsyn til fisk, foreslått tidsbegrensningar for sprengningsarbeidet, samt å overvåke vatnkvaliteten kontinuerleg, både utanfor siltgardina og ved Suldalsosen. Sidan Suldalsvassdraget er et nasjonalt laksevassdrag, og Suldalsvatnet inngår i den lakseførande strekninga, vil det vera svært viktig å ta omsyn til fisk i anleggsperioden, spesielt ved sprengning. Sjå vedlagt rapport frå Norconsult som omhandlar bl.a. konsekvensar tiltaket kan ha på naturmangfaldet.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven». Fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Parallelt med behandling av utfyllingssøknad ved Helganes frå Statens Vegvesen, Region Vest, samt Statnett SF sin søknad om mudring i Kvilldalsvika, skal denne søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i laks- og innlandsfisklova.

Utlekking til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima»

og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Adresseliste

Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010	STAVANGER

Kopi til:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	SAND
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 11.06.2015
Vår ref.: 2014/7093
Arkivnr.: 461.5

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 SAND

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Statnett SF - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i vassdrag ved Strandanes, Suldalsvatnet i Suldal kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Kommunens uttale sendes oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Statnett SF om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar utfylling ved Strandanes i Suldalsvatnet, Suldal kommune.

Kort orientering av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	arbeid i innsjø/vassdrag
Plassering:	gnr. 43, bnr. 1, 1/2, 8, 17
Søknaden gjeld:	utfylling
Berekna volum:	90 000 m ³
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	9 000 m ²
Utfyllingsstid:	Tentativt: september 2015 – november 2016
Planlagt avbøtande tiltak:	Siltgardin, fiberduk, tidsbegrensning

Bakgrunn/Søknad

I samband med NSN-prosjektet (kabel for kraftutveksling mellom Norge og England), har Statnett SF overskotsmassar som det er ynskjeleg skal nyttast til samfunnsmessige føremål. Ved bruk av massar frå sprengning av tunnel mellom Suldalsvatnet og Hylsfjorden, skal det etablerast eit nytt landareal ved Strandanes. Aust i tiltaksområdet skal det etablerast ein kaifront som skal nyttast av Statnett i anleggsperioden, og som kan disponerast av Statnett og andre i driftsfasen. I følgje søkar så er tiltaksområdet innanfor det geografiske området til anleggskonsesjonen etter energilova.

Det er søkt om å fylle ut ca. 90 000 m³ som vil dekkja eit areal på ca. 12 000 m². Av det dekkja arealet vil 3 000 m² vera på land og 9 000 m² vera i Suldalsvatnet. I følgje søkar stammar

eksisterande utfylling i tiltaksområdet frå 1960-talet. Rett sørvest for dette området ligg det eit steindeponi som vart etablert ved bygging av Ivarsflottunnelen tidleg på 2000-talet. Planlagt oppstart for tiltaket er hausten 2015.

Utfyllinga skal i utgangspunktet føregå frå land, men av sikkerheitsmessige årsaker kan det verta behov for bruk av lekter.

Fylkesmannens merknader til tiltaket

Det er utført ei miljøteknisk undersøking i dei to deponia ved Strandanes. Analyseresultatene viser ingen teikn til forureining. Det er derimot påvist forureina botnsediment i delar av utfyllingsområdet. Det blei målt forhøga verdiar av tributyltinn (TBT) tilsvarande tilstandsklasse 5 («svært dårlig»), samt tre ulike parametarar av polyaromatiske hydrokarboner (PAH) i tilstandsklasse 3 («moderat»). Midt i tiltaksområdet ligg det ein slipp, og det er mest sannsynleg botnstoff frå båt som er hovudkilda til at sedimentet er forureina med TBT.

Utan særskilte tiltak kan arbeidet medføre partikkelspreiing, noko som kan påverka naturmangfaldet i tiltaks- og influensområdet, negativt. I eit eventuelt løyve vil det derfor bli stilt krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeidet.

Søkar har foreslått bruk av siltgardin for å hindre partikkelspreiing, samt tildekking med fiberduk i området som er mest forureina (utanfor eksisterande slipp). Det er 0-25 meter djupt i utfyllingsområdet. På grunn av djupneforholda enkelte stader, kan det vera vanskeleg å nytta siltgardin rundt heile tiltaksområdet. Det kan også bli problematisk å nytta siltgardin som er forankra i botn, ettersom trykkbølgjer frå sprengningsarbeid kan øydeleggja siltgardina. For å avgrensa området som er forureina, skal det takast nye prøvar av botnsedimentet i løpet av sumaren 2015. Søkar vil då koma med forslag til kvar fiberduken skal leggjast.

Ettersom det enkelte stader er bratt frå land, må det med jamne mellomrom sprengast i dei deponerte massane. Dette er naudsaamt for at fyllinga skal oppnå tilstrekkeleg stabilitet. Det er også, med omsyn til fisk, foreslått tidsbegrensningar for sprengningsarbeidet, samt å overvåke vatnkvaliteten kontinuerleg, både utanfor siltgardina og ved Suldalsosen. Sidan Suldalsvassdraget er et nasjonalt laksevassdrag, og Suldalsvatnet inngår i den lakseførande strekinga, vil det vera svært viktig å ta omsyn til fisk i anleggsperioden, spesielt ved sprengning. Sjå vedlagt rapport frå Norconsult som omhandlar bl.a. konsekvensar tiltaket kan ha på naturmangfaldet.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensningsforskriften) kapittel 36 om «behandling av tillatelse etter forurensningsloven». Fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Parallelt med behandling av utfyllingssøknad ved Helganes frå Statens Vegvesen, Region Vest, samt Statnett SF sin søknad om mudring i Kvilldalsvika, skal denne søknaden også behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i laks- og innlandsfisklova.

Offentlig ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Suldalsposten. Kunngjeringskostnadene skal dekkast av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlekking til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima»

og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt en finn dette nødvendig. Vidare må det gis opplysningar om det omsøkte anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsbestemmelsar m.v. for området.

Kommunens uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkelig beskriven i søknaden, og som det bør tas hensyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Det anbefalast at kommunen føretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Marte Kjelby
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Marte Kjelby
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 48
E-post: fmromkj@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Kunngjeringsstekst
Søknadsdokumenter m/relevante vedlegg (2 sett)

Kopi (utan vedlegg) til:

Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Museum Stavanger AS	Muségata 16	4010	STAVANGER